

Prop. 21 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 25. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Kunnskapsdepartementet fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2022.

*Post 65 Rentekompensasjon for skule- og
symjeanlegg, kan overførast*

Departementet foreslår å redusere løvinga med 39,8 mill. kroner som følge av at rentesatsane i ordninga blei lågare enn renteføresetnaden i revisert budsjett for 2022.

2 Forslag til endringar i statsbudsjettet 2022

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

*Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa,
kan overførast*

Departementet foreslår å redusere løvinga med 10,9 mill. kroner på grunnlag av oppdaterte anslag for utgiftsbehov på posten. Reduksjonen i løvingsbehovet kjem særleg av at færre elevar i grunnskulen utløyser tilskot enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2022.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Departementet foreslår å redusere løvinga med 0,6 mill. kroner på grunnlag av oppdaterte anslag for utgiftsbehovet på posten.

*Post 69 Tiltak for fullføring av vidaregåande
opplæring*

I Prop. 1 S (2021–2022) for Kunnskapsdepartementet står det at det innanfor løvinga vil kunne bli gitt tilskot til private skular. Gjennom ei mellombels forskrift er det lagt til rette for at private skular, uavhengig av fastsett elevtal, kan ta inn ulike grupper av elevar utan rett til vidaregåande opplæring, for skuleåret 2021–22. Tilskot til private skular blir utbetalt over kap. 228, post 71 og 75. Til saman er det utbetalt tilskot for 19 elevar for våren 2022. Departementet foreslår derfor å redusere løvinga med 1,4 mill. kroner mot ein tilsvarende samla auke under kap. 228, post 71 og 75.

*Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som
søker opphold i Noreg*

Departementet foreslår å redusere løvinga med 11 mill. kroner som følge av at færre elevar utløyser tilskot enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Post 74 Prosjekttilskot

I 2022 er ordninga for prosjekttilskot retta mot tiltak som skal betre læringsmiljøet gjennom tiltak mot mobbing. Utdanningsdirektoratet har tildelt tilskot på totalt 3,6 mill. kroner til ti prosjekt i 2022. Det gir eit mindrebehov på 3,3 mill. kroner, og departementet foreslår derfor å redusere løyinga tilsvarende.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa*Post 04 Refusjon av ODA-godkjente utgifter*

Ein del av løyinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklingshjelp og refusjon frå Utanriksdepartementet blir ført på posten. Departementet foreslår å auke løyinga med 36 mill. kroner. Auken skuldast særleg at det i revidert budsjett for 2022 ikkje blei skilt mellom flyktningar frå Ukraina og andre flyktningar. Det blir lagt til grunn full ODA-refusjon av utgifter til opplæring av flyktningar frå Ukraina.

Kap. 228 Tilskot til private skular o.a.*Post 70 Private grunnskular, overslagsløying*

Departementet foreslår å auke løyinga med 155 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2022.

Post 71 Private vidaregåande skular, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løyinga med 36,1 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn det som er lagt til grunn for Saldert budsjett 2022.

Departementet foreslår å auke løyinga med 1,2 mill. kroner som følge av at skulane har teke inn elevar utan rett til opplæringa, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 225, post 69.

I statsbudsjettet for 2022 er det løyvd 6,2 mill. kroner på posten til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp i vidaregåande opplæring i samband med fullføringsreforma. Privatskulelova avgrennar fleksibiliteten som dei godkjende private vidaregåande skulane har til å gjere løpande endringar i opplæringsløpa, i tråd med intensjonen bak tilskotsmidlane. Det vil derfor vere krevjande for dei private vidaregåande skulane å bruke midlane på den måten Stortinget har lagt til

grunn. Departementet foreslår derfor å redusere løyinga med 6,2 mill. kroner. Av dette foreslår departementet å rammeoverføre 5 mill. kroner til kap. 571, post 64 til ein eingongsutbetaling til Lavangen kommune grunna ekstraordinære utgifter til barnevernstiltak og opplæring.

Samla foreslår departementet å auke løyinga med 31 mill. kroner.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløying

Departementet foreslår å redusere løyinga med 12,5 mill. kroner som følge av lågare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2022.

Post 73 Private grunnskular i utlandet, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løyinga med 19,4 mill. kroner, i hovudsak som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2022.

Post 74 Private vidaregåande skular i utlandet, overslagsløying

Løvingsbehovet aukar med 4,1 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett 2022, medan tilskotet til spesialundervisning er redusert med 1,3 mill. kroner.

Departementet foreslår å redusere løyinga med 38 000 kroner som følge av at det ikkje blir utbetalt tilskot til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, jf. omtale under post 71.

Samla foreslår departementet å auke løyinga med 2,8 mill. kroner.

Post 75 Private skular for funksjonshemma elevar, overslagsløying

Departementet foreslår å auke løyinga med 44 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår å auke løyinga med 0,3 mill. kroner som følge av at skulane har teke inn elevar utan rett til opplæringa, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 225, post 69.

Departementet foreslår å redusere løyinga med 0,4 mill. kroner som følge av at det ikkje blir utbetalt tilskot til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, jf. omtale under post 71.

Samla foreslår departementet å auke løyinga med 43,9 mill. kroner.

Post 76 Andre private skular, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner som følge av lågare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2022.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 77 000 kroner som følge av at det ikkje blir utbetalt tilskot til meir fleksible og tilpassa opplæringsløp, jf. omtale under post 71.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Post 77 Den tysk-norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner som følge av høgare elevtal enn lagt til grunn for Saldert budsjett for 2022.

Post 78 Kompletterande undervisning

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner som følge av at det er utbetalt tilskot for færre elevar enn elevtaket for ordninga.

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner som følge av at berre 32 elevar blei sendt på utveksling frå skulane som inngår i ordninga i skuleåret 2021–22.

Post 85 Kompensasjon for meirutgifter knytt til covid-19

Det er lagt til grunn at private skular skal kompenserast for økonomiske konsekvensar av covid-19-pandemien på om lag same nivå per elev som offentlege skular. Departementet foreslår å løyve 70 mill. kroner som kompensasjon for dei økonomiske konsekvensane av pandemien i første halvår av 2022. Ordninga omfattar private grunnskular og vidaregåande skular som er godkjende med heimel i privatskulelova, Den tysk-norske skolen i Oslo, Den franske skolen i Oslo og United World College i Fjaler.

Kap. 256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse***Post 01 Driftsutgifter***

I 2022 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) større inntekter fra EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det

som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet at løyvinga på posten blir auka med 38 mill. kroner og ein tilsvarande auke i inntekter over kap. 3256, post 02.

HK-dir har i 2022 hatt ein del vakansar i samband med etableringa av den nye organisasjonen og fleire tilsette enn vanleg har slutta i løpet av året. Effekten av rekruttering av nye medarbeidarar vil ikkje slå inn for fullt før i 2023, og det er derfor venta at driftsutgiftene i 2022 mellombels blir noko lågare enn det som er lagt til grunn i budsjettet. Samstundes vil Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) ha noko høgare behov for omstillingmidlar i 2022 i samband med førebuingar og overføring av ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning til HK-dir frå 1. januar 2023. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at løyvinga på posten blir redusert med 5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke over kap. 271, post 01.

Kap. 3256 Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse***Post 02 Salsinntekter o.a.***

I 2022 har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) større inntekter fra EU til administrasjon av programmet Erasmus+ enn det som er lagt til grunn i budsjettet. På denne bakgrunn foreslår Kunnskapsdepartementet at løyvinga på posten blir auka med 38 mill. kroner og ein tilsvarande auke i utgifter over kap. 256, post 01.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet***Post 70 Tilskot, kan overførast***

Gjeldande løyving på posten er 275,9 mill. kroner, medan det er overført 424,9 mill. kroner frå 2021 til 2022. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 160 mill. kroner. Mindrebehovet skuldast i hovudsak mindreforbruk til prosjekt som har fått tilsegn om tilskot under covid-19-pandemien innanfor ordningane Kompetansepluss og bransjeprogram. Dette gjeld kurs som ikkje har blitt gjennomført og kurs som har blitt gjennomført med færre deltakrar enn planlagt.

Kap. 260 Universitet og høgskular***Post 50 Statlege universitet og høgskular***

I 2022 har Stortinget løyvd midlar til 1 000 nye studieplassar som følge av situasjonen i Ukraina, jf.

Innst. 270S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Midlane blei løvvde over kap. 260, post 50 til statlege universitet og høgskular, men kunne også tildelast private høgskular. 86 av plassane blei fordelt til private høgskular. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at løvvinga på posten blir redusert med 4,1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke over kap. 260, post 70.

Post 70 Private høgskular

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løvvinga på posten med 4,1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon over kap. 260, post 50 for midlar til nye studieplassar. Sjå òg omtale under kap. 260, post 50.

Kap. 270 Studentvelferd

Post 75 Tilskot tilbygging av studentbustadar, kan overførast

Utbetaling av tilskot til studentsamskipnadene som har fått tilsegner til byggeprosjekt blir gjort i tråd med framdrifta i prosjekta. Frå 2021 til 2022 blei det overført 494,7 mill. kroner på kap. 270, post 75 fordi fleire prosjekt blei forsinka mellom anna som følgje av covid-19-pandemien. I 2022 er det dermed 975,2 mill. kroner disponible på posten. Prognosane frå Husbanken viser at utbetalingane av tilskot vil vere 479,2 mill. kroner i 2022. Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere det disponible budsjettet på posten med 480,5 mill. kroner til 494,7 mill. kroner. Endringa i løvingsbehovet fører til at det er behov for å auke til-sagnsfullmakta med 20,7 mill. kroner, frå 1 045 mill. kroner til 1 065,7 mill. kroner, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

Post 01 Driftsutgifter

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) vil ha noko høgare behov for omstilingsmidlar i 2022 i samband med førebuingar og overføring av ansvaret for godkjennning av utanlandske utdanninger til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) frå 1. januar 2023. Vidare er det venta at driftsutgiftene HK-dir i 2022 mellombels blir noko lågare enn det som er lagt til grunn i budsjettet. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor at løvvinga på posten blir auka med 5 mill. kroner mot ein tilsvarende

reduksjon over kap. 256, post 01. Sjå òg omtale under kap. 256, post 01.

Kap. 272 Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning

Post 71 Tilskot til tiltak for internasjonalisering, kan overførast, kan nyttast under post 51

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) betaler årleg Noregs godtgjering til dei andre nordiske landa for den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning. HK-dir har i 2022 fått tildelt 69,4 mill. kroner til føremålet. På grunn av valutaendringar foreslår Kunnskapsdepartementet en reduksjon på posten med 11,1 mill. kroner.

Kap. 273 Kunnskapssektorens tenesteleverandør

Post 50 Kunnskapssektorens tenesteleverandør

Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt) betaler årleg Noregs kontingenent til NORDUnet AS. NORDUnet AS organiserer samarbeidet mellom dei nordiske forskingsnetta. Kunnskapsdepartementet har tildelt Sikt 41,2 mill. kroner på posten i 2022. Sikt betaler kontingenenten kvartalsvis, og utbetalinga for fjerde kvartal i 2022 står att. På grunn av valutaendringar må beløpet justerast. Sikt har betalt om lag 26,4 mill. kroner hittil for kontingenenten i 2022, og det står att å betale om lag 8,9 mill. kroner. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å redusere kap. 273, post 50 med 5,9 mill. kroner.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd har anslått at rådet vil ha negative avsetningars samla sett på om lag 300 mill. kroner ved utgangen av 2023 og 900 mill. kroner ved utgangen av 2024. Regjeringa foreslår å auke løvvinga på kap. 285 med 1,64 mrd. kroner for å vesentleg redusere dei negative avsetningane for Kunnskapsdepartementets løvvingar til Forskningsrådet og for å unngå ein kraftig reduksjon i planlagde utlysingar.

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forsking

Regjeringa foreslår å auke løvvinga på kap. 285, post 52 med 670 mill. kroner. Midlane skal nyttast til tildelingar og utbetalingsforpliktingar knytte til Fri prosjektstøtte (FRIPRO).

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 285, post 53 med 730 mill. kroner. Midlane skal nyttast til utbetalingsforpliktingar til allereie tildelte prosjekt.

Post 54 Forskinsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 285, post 54 med 240 mill. kroner. Midlane skal nyttast til utbetalingsforpliktingar til allereie tildelte prosjekt.

Kap. 288 Internasjonalt samarbeid***Post 72 Internasjonale grunnforskingsorganisasjonar***

Kunnskapsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner. Auken skriv seg frå endringar i valutakurs.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 67,2 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Kunnskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 21,3 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg frå endringar i valutakurs.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning***Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving***

Våren 2021 blei det gitt tilbod om eit tilleggslån på 26 000 kroner for studentar og vaksne elevar i vidaregåande opplæring, som hadde tapt inntekt som følge av covid-19-pandemien. Av tilleggslånet kunne 40 pst. gjerast om til stipend. Omgjeringa av tilleggslånet til stipend for våren 2021 er no gjennomført. På grunnlag av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 48 mill. kroner.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Utviklinga i talet på mottakarar av flyktningsstipend gir grunnlag for å redusere løyvinga med 100 mill. kroner. Anslaget for utgifter til foreldre-stipend er auka med 10 mill. kroner, medan utgifte til sjukestipend er venta å auke med 20 mill. kroner i høve til gjeldande budsjett. Det er utbetalat 29 mill. kroner meir i straumstipend enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett for 2022.

Barnestipend, tilleggsstipend for personar med nedsett funksjonsevne og flyktningstipend for vaksne støttemottakarar, blir behovsprøvd mot inntekt, trygd og formue. Behovsprøvinga i 2022, som gjeld stipendtildeling i 2021, tilseier at omgjeringa til lån blir høgare enn tidlegare lagt til grunn. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 61 mill. kroner.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Statistikk for tildeling viser at det hausten 2022 er fleire studentar som vel å studere i land med høge skulepengar enn i dei to føregåande studieåra. Basert på faktisk utbetaling av stipend til studentar i utlandet hittil i år, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 53,5 mill. kroner. Det er i tillegg grunnlag for å auke anslaget for språkstipend med 5,5 mill. kroner. Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 59 mill. kroner.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 153,6 mill. kroner som følge av at den flytande renta på utdanningslån for 2022 blei 0,22 prosent einingar lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2022.

Post 73 Avskrivingar, overslagsløyving

Utviklinga hittil i 2022 gir grunnlag for å auke anslaget for avskrivingar med 4,9 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga tilsvarende.

Post 74 Tap på utlån

Den observerte utviklinga så langt i år tyder på at omfanget av permanent overføring til Statens innskrivingsentral (Skatteetaten) av misleghalde gjeldskrav blir lågare enn lagt til grunn i revidert

budsjett for 2022. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 98 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 20,1 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak behovsprøvinga av enkelte stipend mot inntekt, trygd og formue i 2022, jf. omtale under post 70.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner som følge av høgare anslag for avskriving av utdanningsgjeld for kvotestudentar frå utviklingsland enn tidlegare anslått.

Post 90 Redusert lån og rentegjeld

Regnskapstal per 30. september tilseier at innbetalte avdrag på studielån blir høgare enn tidlegare lagt til grunn. Andre anslagsendringar på posten reduserer løyvingsbehovet. Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 144,7 mill. kroner.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

Post 80 Renter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 630 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at den vekta flytande renta på utdanningslån for 2022 blei 0,21 prosenteiningar lågare enn lagt til grunn i revidert budsjett for 2022.

Andre saker

Ny kostnadsramme for byggeprosjektet nytt Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo

Planane for Vikingtidsmuseet ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo tek utgangspunkt i eit behov for oppgradering av uakseptable bygningsmessige forhold og utviding av areal for å ta vare på den unike vikingtidssamlinga på ein forsvarleg måte. Det viktigaste sikringstiltaket er å få på plass eit nybygg der samlinga trygt kan takast vare på. Det blei i 2020 gitt startløyving til rehabilitering og utbygging av Vikingtidsmuseet. Gjeldande kostnadsramme for byggeprosjektet er

2 237 mill. kroner (prisnivå per 1. juli 2022). I regjerings forslag til revidert budsjett for 2022, jf. Innst. 450 S (2021–2022), Prop. 115 S (2021–2022) blei Stortinget orientert om at kostnadsramma for Vikingtidsmuseet er truga og at regjeringa ville kome tilbake til Stortinget med forslag til ny kostnadsramme. Sikring av den unike vikingtidsamlinga har aller høgste prioritet. For å redusere forseinkingar og ivareta tryggleiken til samlinga har Statsbygg og universitetet utført nødvendig arbeid med mellombels sikring av skip og sleder, samt grunnarbeid.

Før sommaren 2022 konkluderte regjeringa med at eit nedskalert alternativ skal leggast til grunn for det vidare arbeidet. Prosjektet som no ligg til grunn for gjennomføring er justert for å halde kostnadene under kontroll, og å unngå ytterlegare forseinkingar for flytting av samlingane til nytt bygg. Dette inneber at nokre av funksjonane som ikkje påverkar tryggleiken til samlinga er tekne ut av prosjektet. Etter planen skal museet vere ferdig i 2027.

Statsbygg har hausten 2022 utarbeidd kostnadsestimat for det reviderte omfanget og utført ein ny usikkerheitsanalyse av kostnadene. Dette underlaget har gjennomgått ekstern kvalitetskontroll. Rapporten frå ekstern kvalitetssikrar tilrår å ta sterkare omsyn til at prosjektet inneber nybrotsarbeid når det gjeld flytting og sikring av museumsgjenstandar. Det inneber mellom anna å legge inn ein større usikkerheitsmargin i kostnadsramma. På bakgrunn av det kvalitetssikra kalkylene tilrår regjeringa at kostnadsramma for byggeprosjektet blir auka til 3 770 mill. kroner (prisnivå per september 2022). Regjeringas forslag til ny kostnadsramme tek høgde for den usikkerheita som til no er identifisert.

Tilskot til folkehøgskular med høge straumutgifter i 2022

Departementet vil ikkje utbetale tilskot til Jeløy Folkehøyskole frå 1. juli 2022 fordi skulen ikkje hadde søkerar for inneverande skuleår. Tilskotet til skulen for hausten 2022 er rekna til 5,5 mill. kroner. Departementet vil fordele midlane til folkehøgskular som har hatt høge straumutgifter i 2022, og som ikkje får straumstøtte gjennom ordninga for frivillige organisasjonar og lag under Kultur- og likestillingsdepartementet. Tilskotet blir gitt innanfor gjeldande budsjetttramme for kap. 253, post 70.

Kunnskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Kunnskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
225		Tiltak i grunnopplæringa:	
63		Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	10 886 000
		frå kr 94 733 000 til kr 83 847 000	
64		Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphold i Noreg, blir redusert med	11 031 000
		frå kr 117 174 000 til kr 106 143 000	
65		Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	39 796 000
		frå kr 128 796 000 til kr 89 000 000	
67		Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk, blir redusert med	572 000
		frå kr 9 154 000 til kr 8 582 000	
69		Tiltak for fullføring av vidaregående opplæring, blir redusert med	1 407 000
		frå kr 832 334 000 til kr 830 927 000	
74		Prosjekttilskot, blir redusert med	3 335 000
		frå kr 6 914 000 til kr 3 579 000	
228		Tilskot til private skular o.a.:	
70		Private grunnskular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	155 024 000
		frå kr 3 193 661 000 til kr 3 348 685 000	
71		Private vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	31 045 000
		frå kr 1 743 807 000 til kr 1 774 852 000	
72		Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	12 485 000
		frå kr 155 616 000 til kr 143 131 000	
73		Private grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	19 419 000
		frå kr 109 174 000 til kr 128 593 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	74	Private vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	2 760 000
		frå kr 13 357 000 til kr 16 117 000	
	75	Private skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	43 869 000
		frå kr 401 325 000 til kr 445 194 000	
	76	Andre private skular, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	535 000
		frå kr 60 861 000 til kr 60 326 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	233 000
		frå kr 30 295 000 til kr 30 528 000	
	78	Kompletterande undervisning, blir redusert med	792 000
		frå kr 25 416 000 til kr 24 624 000	
	81	Elevutveksling til utlandet, blir redusert med	1 051 000
		frå kr 2 247 000 til kr 1 196 000	
(NY)	85	Kompensasjon for meirutgifter knytt til covid-19, blir løyvd med	70 000 000
256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	33 000 000
		frå kr 357 156 000 til kr 390 156 000	
257		Kompetanseprogrammet:	
	70	Tilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	160 000 000
		frå kr 275 873 000 til kr 115 873 000	
260		Universitet og høgskular:	
	50	Statlege universitet og høgskular, blir redusert med	4 111 000
		frå kr 39 570 843 000 til kr 39 566 732 000	
	70	Private høgskular, blir auka med	4 111 000
		frå kr 2 083 921 000 til kr 2 088 032 000	
270		Studentvelferd:	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	480 455 000
		frå kr 480 455 000 til kr 0	
271		Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	5 000 000
		frå kr 164 799 000 til kr 169 799 000	
272		Tiltak for internasjonalisering og høgare utdanning:	
	71	Tilskot til tiltak for internasjonalisering, <i>kan overførast, kan nyttast under post 51</i> , blir redusert med	11 087 000
		frå kr 122 395 000 til kr 111 308 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
273		Kunnskapssektorens tenesteleverandør:	
	50	Kunnskapssektorens tenesteleverandør, blir redusert med frå kr 178 729 000 til kr 172 809 000	5 920 000
285		Noregs forskingsråd:	
	52	Langsiktig, grunnleggande forsking, blir auka med frå kr 1 708 476 000 til kr 2 378 476 000	670 000 000
	53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar, blir auka med frå kr 1 979 508 000 til kr 2 709 508 000	730 000 000
	54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse, blir auka med frå kr 765 607 000 til kr 1 005 607 000	240 000 000
288		Internasjonale samarbeidstiltak:	
	72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar, blir auka med frå kr 310 719 000 til kr 313 307 000	2 588 000
	73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, blir redusert med frå kr 3 283 974 000 til kr 3 216 775 000	67 199 000
	74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, blir redusert med frå kr 844 352 000 til kr 823 048 000	21 304 000
2410		Statens lånekasse for utdanning:	
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 8 320 693 000 til kr 8 272 693 000	48 000 000
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 4 106 642 000 til kr 4 045 642 000	61 000 000
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 625 765 000 til kr 684 765 000	59 000 000
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 292 440 000 til kr 1 138 850 000	153 590 000
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 855 308 000 til kr 860 229 000	4 921 000
	74	Tap på utlån, blir redusert med frå kr 410 500 000 til kr 312 500 000	98 000 000
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 34 839 637 000 til kr 34 859 761 000	20 124 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3225		Tiltak i grunnopplæringa:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir auka med frå kr 44 554 000 til kr 80 549 000	35 995 000
3256		Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse:	
	02	Salsinntekter o.a., blir auka med frå kr 396 000 til kr 38 396 000	38 000 000
5310		Statens lånekasse for utdanning:	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir auka med frå kr 11 000 000 til kr 16 702 000	5 702 000
	90	Redusert lån og rentegjeld, blir auka med frå kr 12 437 056 000 til kr 12 581 727 000	144 671 000
5617		Renter fra Statens lånekasse for utdanning:	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 4 832 960 000 til kr 4 202 983 000	629 977 000

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 kan:

- gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
270	75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	1 065,7 mill. kroner

III

Andre fullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2022 får:

- fullmakt til å halde fram byggeprosjektet for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo innanfor ei kostnadsramme på 3 770 mill. kroner (prisnivå per september 2022) og til å inngå forpliktingar for seinare budsjettår innanfor kostnadsramma.



